



Kommunane i Møre og Romsdal

Invitasjon til erfaringsutveksling på omsorgskonferansen «*Godt å leve heile livet*», i Molde den 4. og 5. oktober 2017.

Regjeringa vil skape ein enklare kvardag for folk flest gjennom å forenkle, fornye og forbetre offentleg sektor. I omsorgssektoren er dette arbeidet nært knytt til satsinga på innovasjon og oppfølging av Meld St 29 (2012–2013) Morgondagens omsorg.

Innovasjon handlar om å skape nytt, opne framtida for nye utveggar og mulegheiter. Det handlar og om å legge til rette for nye løysingar på problema som brukarar og tilsette møter i kvardagen.

Morgondagens omsorg er eit innovasjonsprogram som tek sikte på å utforme nye løysningar for framtidens omsorg saman med brukarar, pårørande, kommunar, ideelle organisasjonar, forskingsmiljø og næringslivet. Innovasjonsprogrammet skal bidra til utvikling og innføring av velferdsteknologi, nye arbeidsmetodar, nye organisasjonsløysingar og buformer som er tilpassa morgondagen.

Det skjer mykje spanande utviklingsarbeid i helse- og omsorgstenesta i Møre og Romsdal. Fylkesmannen forvaltar kompetanse- og innovasjonstilskot og prosjektskjønn. Begge desse tilskota stimulerer kvart år til innovasjonsarbeid i kommunane, samt kompetansehevande tiltak. Vi ønskjer å leggje til rette for at kommunane får gjennomført gode prosjekt og gode arenaer for erfarings- og kunnskapsutveksling. Ein slik arena vil vi etablere på årets omsorgskonferanse.

Vi inviterer med dette alle kommunar i Møre og Romsdal til å delta med stands. Vi oppmodar til å dele dykkar erfaringar med å stille ut poster/rullup/brosjyrar på stand. Prosjektet treng ikkje å være ferdig/avslutta og det kan vere store eller mindre prosjekt. Fortel om utfordringar, målet med prosjektet, kva har lukkast og kva utfordringar ein har møtt undervegs. Dersom det blir stor interesse, tek vi atterhald om at vi må gjere eit utval av kven som kan delta.

Fylkesmannen vil stimulere kommunane å delta med stand på konferansen ved å gi kr 2000 for utgifter til å lage posters, brosjyrer o.l. I tillegg vil vi betale dagpakke for inntil to personar for ein dag kommunen deltek på stand.

Lenke til påmelding vil komme på Fylkesmannen si nettside under omsorgskonferansen [her](#).

Med helsing

Marit Hovde Syltebø
Ass. direktør

Eli Mette Finnøy
Rådgivar Omsorg 2020

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Skjema for søknad om deltaking med stand på konferansen

OMSORGSKONFERANSEN 2017 – «Godt å leve heile livet» Molde, den 4. og 5. oktober

SØKNAD OM Å FÅ PRESENTERE PROSJEKT OG ERFARINGAR FRÅ HELSE- OG OMSORGSTENESTA I KOMMUNEN

Kort samandrag (max 250 ord) av det du/kommunen vil presentere på konferansen skal sendast til ein av kontaktpersonane **Brit Krøvel eller Lillian Karlsen** i Utviklingscenteret i Møre og Romsdal. (e-post adresse under).

Frist: 01.09.2017.

Forslag til innhald i samandraget

Tittel på for prosjektet/utviklingsarbeidet/tiltaket:

Bakgrunn:

Mål og hensikt:

Metode eller framgangsmåte som er/vart brukt:

Resultat/måloppnåing:

Finansiering:

Kontaktperson/søkar i kommunen

Namn:

E-postadresse:

Arbeidsstad:

Konklusjon:

Det er ikkje spesielle kriteria for postersoppbygging. Dei beste posterane er gjerne dei som kommuniserer eit enkelt budskap med få og presise verkemidlar.

Dersom du har spørsmål omkring abstrakt/materiell/poster, ta kontakt med USHT Møre og Romsdal for rettleiing. Dei vil gjerne hjelpe! Kontaktpersonar i USHT (Utviklingscenteret) er:

Brit Krøvel, brit.krovel@alesund.kommune.no, mob. 95187188

Lillian Karlsen, lillian.karlsen@kristiansund.kommune.no, mob. 98895589